

MØTEBOK 5

Soknerådet i Vereide	Saksnummer 25 - 31
Møtestad: Sandane kyrkje	Dato 07.05.2014

Til stades: Paul-Rune Daviknes, Elin Villung, Liv Djupegot, Magni Ebebø Sand, Anna Karin W. Hansen, Robert Nyemah, Thor Horntvedt, Sveinung Susort, fung.sokneprest Sigurd Vengen.

Opning : Sveinung Kaffi og litt mat : Robert Møteleiar: Elin

Sak 14/25 Godkjenning av referat og innkalling

Vedtak: Innkalling godkjent. Referat godkjent.

Sak 14/26 ORIENTERINGSSAKER :

- Siste nytt om dugnadar: God start på dugnad rundt Sandane kyrkje i dag. Paul-Rune fyl opp gjennomføring av dugnad ved Vereidskyrkja, før vinteren kjem. Det trengs og gjerast dugnad på Vereide gravplass. **God ide å leggje dugnader inn i Sokneråda sitt Årshjul.**
- Rusfritt 16.-mai arr. : Breim Sokneråd stiller i år. Vår tur neste år.
- Konfirmantgudstenesta 8. juni / 1. Pinsedag : Når skal det vere hjelp til kapper ? Parkeringsvakter ? Anna Karin kontakter Jofrid Magni snakker med *Solgunn*
- Ang behov for fleire konf-gruppeleiarar : Diakoninemma tek utfordringa og vil ha ei gruppe til å vere med å lage til Hyggestund 1 g. i mnd på Gotatunet.
- Møte no 8. mai om å prøve å få ein ungdomsarbeidar, Magni ebebø Sand og Thor stiller på møtet. Paul-Rune er der i kraft av Fellestrådet.
- Kyrkjedag for Nordfjord på Eid : Laurd. 18. oktober2014, med biskop Gunnar Stålsett.
- Neste Kyrkjeblad kjem ut 4. juni. Stoffrist : 16.mai
- **Innsetjingsgudsteneste 24.august for Bjotveit og Eikeset Koren.** Prosten blir der. Vereide sokneråd ynskjer dei velkommen med blomsterhelsing. Vi ynskjer å få til Kyrjekaffi like etter gudstenesta. **Paul- Rune og Solgunn er leiarar i Kyrjekaffi- komiteen.** Alle sokna har høve til å delta, det er ikkje sett opp andre gudstenester den dagen. Vi kan invitere dei andre sokna.

Sak 14/27 Evaluering påske- gudstenester, kunstutstilling og temagudstenesta og

Samtalegudstenesta.: God og virkningsfull gjennomføring. Mange flotte og gode opplevingar. Konfirmantane si deltaking har vore veldig flott og godt gjennomført! Samtalegudstenesta vart gjennomført på ny måte, ikkje etter «overhøyrings-modellen» men etter «medvirknings-modell». Dei var bidragsytarar i gudstenesta: alle rollene som medliturgar, som musikarar og med dramatisering. Veldig flott og verdig!

Behov: Finne ein fot eller god, fast plass der prosesjonskrossen skal stå når prosesjonen kjem fram. Kunne og gjerne hatt eit stort Kristuslys som dåpslysa skal tennast frå ved dåp.

Sak 14/28 Konfirmantplanen - har vore oppe i TRU, skal takast opp i konf. –utvalet.

Kva meiner vi om å bruke 1. Pinsedag til konfirmasjon?. Har blitt brukt fleire år på rad. Vil vi det ?

Vedtak: Dette må takast med i runda vi skal ta med evaluering av Gudstenesteordninga. Vi foreslår at det blir etablert eit Gudstenesteutval for Gloppen i august som skal ta fatt på denne evalueringsrunda. Vereide sokneråd reknar med at prestane tek initiativ til dette.

MØTEBOK 5

Soknerådet i Vereide	Saksnummer 25 - 31
Møtestad: Sandane kyrkje	Dato 07.05.2014

Sak 14/29 Gudstenesteplan - Merknad om Støylsgudstenesta 20.07.14 .

Endring: Ansvar for støylsgudstenesta blir Gimmestad sitt og ikkje Vereide dette året. Elin sender vidare den endelege gudstenesteplanen til Olav Søreide

Sak 14/30 Offerlista 2. halvår - haust 2014

13.07.- gudstenesta: Offeret er endra frå Søndagsskulen til Sjømannsmisjonen.

Vedtak: Framlegg til offerlista er godkjent av Vereide sokneråd.

Sak 14/31 Vedr. Opplysningstavle ute v/Vereide kyrkje.

Ynskje frå Kyrkjeverja om at denne vert sett i samanheng med opplysningstavler ved alle kyrkjene i Gloppen.

Vedtak: Vereide sokneråd fremmer «Opplysningstavler ved kyrkjene i Gloppen. som sak i Fellesrådet.

SAKER TIL NESTE / SEINARE MØTE :

- Lage møteplan for hausten
- Fordele ansvar for arr. fram til hausten
- Revidere heftet Arbeidsoppgåver for medliturgar Elin førebur saka.
- Lagring av utstyr i Vereide kyrkje v/ Paul Rune
- Messehaket til Vereide Kyrkje v/ Elin

Neste soknerådsmøte : onsdag 4. juni 19.30 PÅ HYTTA TIL ELIN !

Opning : Paul Rune Kaffi og litt mat : Solgunn og Elin

Signatur

signatur

signatur